

Kommunedelplan for oppvekst

Midt-Telemark kommune
2020 – 2031

Vedtatt av kommunestyret den **



Vi skaper framtida saman

Innhald

Forord	3
Visjon	4
Utviklingstrekk	4
Satsingsområde	6
1. Saman - demokrati, identitet og samskaping.....	7
2. Skapar – attraktivitet for næring, bustad og besøk.....	7
3. Vi – livskvalitet og levekår	8
Oppfølging av kommunedelplanen	12

01

Forord

Dersom ein skal lykkast i å løyse dagens og framtidige utfordringar og forsterke positive utviklingstrekk, er ein avhengig av å arbeide langsiktig og strategisk etter eit tydeleg planverk. I Midt Telemark kommune har ein valt å dele planverket inn i tre nivå.

1. Kommuneplan (Samfunns- og arealdel)
2. Kommunedelplanar
3. Fagplanar

Kommunedelplanen for oppvekstsektoren skal vere eit strategisk styringsdokument som primært følgjer opp mål og strategiar i Samfunnsdelen til kommuneplanen, men den skal også kvile på føringar som er gitt i kommunen sine styringsdokument: *Arbeidsgjevarstrategi, Verdigrunnlag, Etiske retningslinjer, Overordna strategisk kompetanseplan og Regional plan for oppvekst og kompetanse 2016-2020.*

02

Visjon

I Midt-Telemark kommune skal *VI* på tvers av alder, bakgrunn og geografi *SAMAN SKAPE* ei *FRAMTID* for dei som lever her.

«*VI SKAPER FRAMTIDA SAMAN*»

Visjonen for Midt-Telemark tar utgangspunkt i intensjonsavtala som blei vedtatt for samanslåing av Bø og Sauherad kommunar. Ein skal i planperioden skape noko nytt saman, ei felles framtid. Visjonen peiker på kva verdiar og praksisar som skal ligge til grunn for arbeidet i Midt-Telemark kommune.

03

Utviklingstrekk

Midt-Telemark kommune har mange moglegheiter og utfordringar på oppvekstområdet. Planen vil i planperioden 2020-2031, ta høgde for spennande endringar og både positive og meir utfordrande oppgåver for kommune og innbyggjarar.

Midt-Telemark kommune er i vekst, og prognosene tilseier eit innbyggartal på om lag 12000 innbyggjarar mot slutten av planperioden. Fleire barn i barnehage- og skulealder gjev auka behov for barnehageplassar og skuleplassar, og kapasiteten må auke i takt med barnetalet. Ny skule på Gvarv er under bygging, og det er behov for å auke kapasiteten på ungdomsskulen i Bø.

Tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og lågterskel hjelpetenester er viktig. Vidare er førebygging ved å legge til rette for deltaking og meistring, inkluderande barnehage- og skulemiljø, fritidsaktivitetar og møteplassar viktige satsingsområde. Midt-Telemark kommune har ein høg andel med private barnehagar, og det er viktig å vidareutvikle det gode samarbeidet mellom dei ulike eigarane.

Midt-Telemark kommune har prosentvis fleire barn som veks opp i familiar med låg inntekt enn elles i landet. Det er store sosiale helseforskjellar både knytt til psykiske og fysiske helseplagar. Psykiske helseplagar er aukande blant unge og vaksne, og mange opplever einsemd. Ungdata viser at ungdom i Midt-Telemark kommune er på line med resten av landet, der rundt 15% er plaga med depressive symptom og 20% med einsemd. Ein ser også sosiale forskjellar knytt til deltaking i fritidsaktivitetar, skuleprestasjonar, gjennomføring av vidaregåande skule, livsstil og levealder. Utjamning av sosial ulikskap i alle kommunale tenester, er sentralt i folkehelsearbeidet.

Mobbing og einsemd kan vere nøkkelårsakar til fråfall i vidaregåande opplæring. Førebygging må starte allereie i barnehagen, og tiltak må settast i gang raskt når ein oppdagar mobbing.

Midt-Telemark kommune har eit rikt kulturliv, høg grad av frivillige organisasjonar, god tilgang til idrett og friluftsliv og eit godt utdanningstilbod. Ungdomen er minst nøgd med lokalmiljøa og møteplassar. Dei fleste barn og unge deltar i organiserte fritidsaktivitetar, men deltakinga blir lågare i løpet av ungdomsskule og vidaregåande skule, og deltakinga er mindre blant barn av foreldre med låg inntekt og utdanning. Fritidstilbod der alle kan delta uavhengig av ferdigheiter og økonomi er difor viktig.

Utdanning er eit av dei viktigaste folkehelseiltaka, og auka gjennomføring i vidaregåande opplæring er eit mål. Fråfallet i vidaregåande skule har blitt lågare dei siste åra, men framleis er det i Midt-Telemark mellom 16 og 23% som ikkje har fullført etter fem år. Det er langt færre gutar enn jenter som fullfører vidaregåande opplæring på normert tid. Ungdom som droppar ut seier at mobbing, einsemd og psykiske problem var hovudårsaker til at dei slutta.

Midt-Telemark har fleire elevar med spesialundervisning enn gjennomsnittet nasjonalt, og prosenten aukar med alderen på elevane. Nasjonale tal viser at nesten 70% av dei som får spesialundervisning er gutar. Å inkludere elevar med særskilte behov i ordinær undervisning kan bidra til at dei i større grad inkluderast i fritidsaktivitetar og sosialt samvær og kan ha positiv sosial effekt på alle elevar.

04

Satsingsområde

1. Saman = demokrati, identitet og samskaping
2. Skapar = Attraktivitet for næring, bustad og besøk
3. Vi = Livskvalitet og levekår
4. Framtida = Innovativt, smart og grønt Midt-Telemark

Innanfor satsingsområda er det konkretisert 21 mål for korleis lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen skal utvikle seg i planperioden. Under kvart mål ligg det strategiar for korleis kommunen vil arbeide for å nå målet (slik gjer vi det).

I denne kommunedelplanen har oppvekstsektoren plukka ut dei måla og strategiane frå Samfunnsplanen som ein meiner er dei mest sentrale for sin sektor. Der det har vore naudsynt er det lagt til nye strategiar for å nå dei oppsette måla. Strategiane er utdjupa i eige kommentarfelt.

1. Saman - demokrati, identitet og samskaping

Mål	Strategi	Delstrategier oppvekst
1.1 Innbyggjarar i Midt-Telemark opplever tilhørighet til ny kommune	1.1.2 Sikrar barn og unge innverknad i saker som angår dei	Aktiv bruk av Ungdomsråd i Midt-Telemark kommune i saker som angår barn og unge Utvikle gode rutinar for systematisk medverking i egen kvardag
	1.1.5 Etablerer felles møteplassar for ungdom frå heile kommunen	Utvikle Ung Arena som møteplass. Etablere ny skule på Gvarv som møteplass for unge etter skuletid. Vidareutvikle Gullbring kulturanlegg som møteplass for idrett og kultur. Støtte opp under frivilligsentralane Utvikle eit godt folkebibliotek
1.3 Kommune, næringsliv og innbyggjarar har tillit til kvarandre	1.3.2 Legg til rette for innsyn og openheit i beslutningsprosessar	Kommunisere aktivt, og søke innspill og råd, gjennom elevråd, FAU, SU og SMU i barnehagar og skular
	1.3.4 Har fokus på rettstryggleik og lik behandling ved utøving av offentleg mynde og arbeider i tråd med vedtatte planar	Ha kompetanse på gjeldande faglovverk som sikrar rettstryggleiken ved utøving av mynde i oppvekstsektoren

2. Skapar – attraktivitet for næring, bustad og besøk

Mål	Strategi	Delstrategier oppvekst
2.3 Midt-Telemark er ein attraktiv skule- og studiestad	2.3.2 Etablerer samarbeidsfora med USN, SSN, Bø vidaregåande skule og Sagavoll folkehøgskule	Vidareføre og styrke samarbeidet i Kvalitetsforum Etablere samarbeid med USN, VGS, vaksenopplæring, grunnskulane og barnehagane i høve til ulike fagområder til dømes natur, miljø og teknologi. Vidareutvikle samarbeid mellom kulturskulens fordjupingstilbod i folkemusikk og samarbeid med USN avdeling Rauland.
2.4 Bø sentrum er eit levande regionsenter for handel og utdanning i Vestfold og Telemark	2.4.4 Prioritere gåande, syklande og kollektiv trafikk for å stoppe veksten i lokal biltrafikk i sentrum og for å utvikle eit attraktivt sentrum	Gjennomføre ulike kampanjar i skule og barnehage Rutine for å følgje opp Trafikksikkerhetsplan til skular og barnehagar Etablere hjartesonar ved skulane

3. Vi – livskvalitet og levekår

Mål		Strategi		Delstrategiar oppvekst
3.1	Midt-Telemark kommune gir gode, effektive og tilpassa tenester til innbygarane	3.1.1	Har ein arbeidsgivarstrategi som legg vekt på å rekruttere kompetanse og tilby større stillingar og gjer kommunen i stand til å yte gode og effektive tenester	Kjøre rettleiingsprogram for nyutdanna lærarar og barnehagelærarar i barnehage og skule Oppfordre og leggje til rette for vidareutdanning Samarbeid ved utlysing av stillingar i skule, barnehage og kulturskule og andre avdelingar der det kan passe. Arbeide med heiltidskultur i oppvekstsektoren Rekruttere og sikre rett kompetanse i høve til behov
		3.1.2	Prioriterer tidleg innsats, førebygging og samarbeid systematisk på tvers av fagområde og tenester	Følgje opp satsinga «Barn som bekymrer» Implementere samarbeidsmodellen for tverrfaglig arbeid og tidlig innsats rettet mot barn og unge Gjennomføre og følgje opp Ung Data undersøkinga Følgje opp «De utrolige årene» med lokale tilpasningar i barnehagane Følgje opp satsinga «Liv og Røre» med lokale tilpasningar i skulane og helsetenesta Avdekke og kartlegge utfordringar og vansker hos barn og unge så tidlig som mulig Utvikle Ung Arena som møteplass
		3.1.3	Integrerer digitale verktøy og velferdsteknologi i tenesteproduksjon som gir betre trygghet for brukarane, betre tenestekvalitet og meir effektiv tenesteproduksjon.	Implementere plan for digitalisering i skulen Utvikle tilbod om teknologi i skapande og utforskande aktivitet i barnehage og skule Integrere digitale verktøy på helsestasjonen og i skolehelsetjenesten.
		3.1.4	Arbeider systematisk med kvalitetsutvikling i tenestene ha brukar undersøkingar, styringsdata og faglege retningslinjer	Gjennomføre brukarundersøkingar i tenestene Gjennomføre og følgje opp 10-faktor i einingane' Systematisk oppfølging av resultat i undersøkelser hos tenestene
3.2	Midt-Telemark kommune har ein oppvekstpolitikk som sikrar at minimum 85% av elevane fullfører vidaregåande skule	3.2.1	Aukar nivå på grunnskulepoeng ved å gi differensiert og tilpassa undervisning med høg kvalitet	Skular og barnehagar deltar i desentralisert kompetanseordning for skule, og regional ordning for barnehage. Leggje til rette for at private barnehagar deltek i satsinga. Etablere samarbeid med USN, VGS, vaksenopplæring, grunnskulane og barnehagane i høve til ulike fagområder til dømes natur, miljø og teknologi. Systematisk arbeid med kvalitet på ordinær opplæring, spesialpedagogisk hjelp, tilpasset opplæring og spesialundervisning Sikre at alle overganger blir gode, frå helsestasjon til vidaregåande Følgje opp satsinga "Liv og Røre" med lokale tilpasningar i skulane og helsetenesta Implementere plan for digitalisering i skulen

Mål	Strategi		Delstrategiar oppvekst
	3.2.2	Arbeider systematisk med psykososialt miljø i skular, SFO og barnehage	Arbeide systematisk med tiltak både førebuande og mot mobbing i barnehage og skule Implementere samarbeidsmodell barn og unge (modell for tverrfaglig arbeid og tidlig innsats) Følgje opp satsinga "Liv og Røre" med lokale tilpasningar i skulane og helsetenesta Delta i prosjektet «Sammen mot» for å forebygge vold og overgrep
	3.2.3	Styrkar samarbeidet mellom NAV, Oppfølgingstenesta og kommunen	Samarbeid mellom ungdomsskulen og Nav ifht karriererettleiing og økonomistyring
	3.2.4	Vidareutvikle tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule og skulehelsetenesta ved målretta innsats og kompetanse.	Implementere samarbeidsmodell barn og unge Tverretatlige tilsettinger ved behov for å sikre kontinuitet og kvalitet på tjenestetilbud mot barn og unge
	3.2.5	Tar inn lærlingar i alle tenester	Talfeste kor mange lærlingar vi skal ha i barnehage og skule
	3.2.6	Definere behov for kapasitetsauke i skule og barnehage som tek høgde for framtidig folkevekst i Midt-Telemark kommune.	Greie ut behov for ny ungdomsskule i Bø Greie ut behov for meir areal i skulane Etablere barnebase ved Bø skule Greie ut behov for ny barnehage
	3.2.7	Styrke arbeid med overgangar i barnehage og skule.	Vidareføre og styrke arbeid med overgangar i barnehage og skule. Vidareføre og styrke samarbeidet i Kvalitetsforum for å sikre overgang frå ungdomsskule til vidaregåande Styrke samarbeid mellom flyktningetjenesten, barnehager og skoler ifht mottak og overganger av barn og unge
3.3 Innbyggjarane i Midt-Telemark har eit aktivt og helsefremjande liv	3.3.1	Legg folkehelseperspektiv til grunn for all planlegging	Skule og barnehage følgjer "Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltider i skule og barnehage" Følgje opp satsinga "Liv og Røre" med lokale tilpasningar i skulane og helsetenesta Oppvekst deltar i kommunens folkehelsegruppe og plangruppe
	3.3.2	Bruker kulturtenestene aktivt i folkehelsearbeidet	Samarbeid mellom kulturskulen og frivillige lag innan kulturfeltet Utvikle vidare dei lokale DKS-tilboda knytta til folkemusikk, dans og lokale folkekultur- og mattradisjonar.
	3.3.3	Vektlegg utjamning av sosial ulikskap ved utvikling av alle kommunale tenester	Oppretthalde friplassar i kulturskulen og kontingentkasse for lag og foreiningar Oppretthalde søskenmoderasjon i SFO Et godt og inkluderende foreldresamarbeid i barnehage og skule

Mål	Strategi		Delstrategiar oppvekst
			Leggje vekt på gratisprinsippet i skoler og barnehager
	3.3.4	Utviklar tilbodet for menneske med behov for kort- og langvarige og/ eller koordinerte tenester, med satsing på førebygging og lågterskel behandlingstilbod.	Etablere barnebase ved Sauherad barne- og ungdomsskole Etablere barnebase ved Bø skule Styrke og bevisstgjera samarbeidet mellom skule, barnehage og helse rundt barn med særskilte behov
	3.3.5	Legg til rette for frivillig organisert og uorganisert aktivitet	Oppretthalde og utvikle kulturskolen som inkluderande møteplass i Gullbring kulturanlegg og på Gvarv skole
	3.3.6	Tar vare på historisk identitet gjennom sikring og formidling av kulturarven	Arbeide med lokal dialekt og historie i skular og barnehagar Utvikle vidare dei lokale DKS-tilboda knytta til folkemusikk, dans og lokale folkekultur- og mattradisjonar.
3.5 Alle har like høve til å delta i aktivitet i samfunnet uavhengig av funksjonsnivå, sosial, kulturell eller økonomisk bakgrunn	3.5.2	Legg til rette for opne og inkluderande møteplassar	Oppretthalde og utvikle kulturskolen som inkluderande møteplass i Gullbring kulturanlegg og på Gvarv skole Barnehageområder og skolegardar fungerer som opne møteplasser på fritida Utvikle Ung Arena som møteplass
	3.5.3	Arbeider systematisk med kommunen som ein inkluderande arbeidsplass	Talfeste kor mange språkpraksisplassar det skal vere i skule og barnehage
	3.5.4	Utformar bygg, anlegg, aktivitetar og digitale tenester universelt slik at dei kan nyttast av alle med ulikt funksjonsnivå	Implementere plan for digitalisering i skulen Leggje til rette for at informasjon blir tilrettelagt til foreldre i barnehagar og skular, særleg med tanke på språk.
	3.5.5	Legg til rette for at alle innbyggjarar har tilgang til eit godt og mangfaldig kulturtilbod	Vidareføre friplassar og nokon gratistilbod i kulturskolen, vidareføre kontingentkasse for lag og foreningar. Samarbeid mellom frivilligheita og kulturskule/kulturnettverk. Arbeide aktivt for like muligheter for deltakelse i organisert idrettsaktivitet for alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn og hvor i kommunen du bor.

4. Framtida – innovativt, smart og grønt Midt-Telemark

Mål	Strategi		Delstrategiar oppvekst
4.2 Midt-Telemark kommune har eit miljømessig ansvar, forbruk og produksjon og redusert klimagass-utslipp i tråd med nasjonale mål	4.2.1	Arbeider systematisk for å redusere direkte og indirekte klimagassutslepp	Barnehagar og skular jobbar aktivt med målsettingar i Rammeplan for barnehagar og Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020 for skulane. Jobbar for positivt resultat i klimaregnskap for einingane jf. Miljøfyrtårnsertifisering Stimulere til at barn og unge går og sykler til skolen i størst mulig grad
	4.2.4	Miljøsertifiserer kommunale verksemder	Miljøsertifiserer og resertifiserer kommunale einingar
4.5 Kommune, næringsliv og utdanningsinstitusjonar stimulerer saman til innovasjon og nyskaping	4.5.2	Tar i bruk teknologi som bidrar til tenesteinnovasjon og effektive tenester	Implementere plan for digitalisering i skulen

05

Oppfølging av kommunedelplanen

Kommunedelplanen sine mål og strategiar følgjast opp av ein eigen *handlingsdel*, som visar prioriterte tiltak for det komande året og dei resterande åra i økonomiplanperioden.

Kommunedelplanen rullerast kvart fjerde år, mens handlingsdelen reviderast kvart år i samband med kommunens budsjettbehandling. I dette arbeidet tar vi utgangspunkt i dei rammene vi har til rådvelde som følgje av lov, vedtak og andre føringar (lokalt og nasjonalt). Dette gjeld til dømes både økonomiske, arealmessige og personalmessige ressursar. Det må vere ei tett kopling mellom satsingsområde i kommunedelplanen og prioritering av økonomiske ressursar.

Viss sektoren har behov for å utarbeide ytterlegare planar for å følgje opp kommunedelplanen og handlingsdelen, vil dette gå fram av eigne spesifikke *fagplanar* på dei respektive fagområda.